

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# STØTT ÅRETS FASTEAKSJON

For **250 kr** kan du gi ett menneske  
sikker tilgang til rent vann livet ut!

## Vipps til 2426

(velg *Send*)

SMS **VANN** til **2426** (250kr)  
Kontonummer: **1594 22 87493**

Pengene fra fasteaksjonen går til  
hele Kirkens Nødhjelps arbeid.


Tusen takk for støtten!



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

Fasteaksjonen.no

*Kyrkjebakken nr 03 – 2022 – mars nummeret – 51 årgang – nytt stoff innan 17. april*



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



### Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14) Bodil Monslaup 414 57 215

Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90, eller Edvard Bjerkestrand 46922638



## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar  
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,  
facebook og plakat for  
eventuelle endringar.

Det skjer:

**TYSDAG 05.APRIL – FASTEAKSJONEN  
KIRKENS NØDHJELP**

Onsdag 06.april kl. 12.00  
Bygdetreff Kyrkjelydshuset

Palmesøndag 10.april kl. 18.00  
Eit møte med påskebodskapen i  
bilete, tonar og ord

Skjærtorsdag 14.april kl. 11.00  
Gudsteneste ved Rune Minde

1.påskedag 17.april kl. 11.00  
Høgtidsgudsteneste ved Rune Minde

Søndag 24.april kl. 19.00  
Påskesonggudsteneste

Fredag 29.april – søndag 01.mai  
Konfirmantleir på Alværa

### Nytt stoff innan Kjem ut

17.april	27.april
12.mai	25.mai
18.aug	31.aug



# Appell og bønn for Ukraina fra Kirkens Nødhjelp

*En alvorlig humanitær krise utvikler seg nå i Ukraina. Det er grunn til å frykte at mange liv vil gå tapt, at et stort antall mennesker blir drevet på flukt og at sårbare grupper blir rammet ekstra hardt. Kirkens Nødhjelp er nå i dialog med sine partnere i den globale ACT-alliansen for å avklare hvordan de best kan møte de voksende humanitære behovene.*

*Takket være midler som er samlet inn i Norge blant annet gjennom juleoffer og fasteaksjonen, kan Kirkens Nødhjelp støtte katastrofeinnsats slik det nå er behov for i Ukraina. De har foreløpig bevilget 1 million kroner fra innsamlede midler til å møte de voksende humanitære behovene.*

### Be med oss om fred i Ukraina:

*Gud, vi roper til deg i vår nød!  
Vi ber for de mange som nå rammes av krisen i Ukraina.  
Gi utholdenhet og styrke til de som er i ferd med å miste alt.  
Beskytt de sårbare, gi styrke til de som har mistet*

*sine nærmeste og sitt livsgrunnlag.  
Gi håp hvor fortvilelsen er sterkest, mot og trygghet til å gå videre  
og styrke til ikke å gi opp. Vi ber om fred!*

*Vi ber for de som er tilstede i katastrofen.  
Vær nær dem som bidrar til at mennesker blir sett og får mat og vann,  
og hjelp til å redde livsgrunnlaget.  
Hjelp oss å dele våre ressurser, til å forplikte oss til kjærlighet og medfølelse,  
og til å gjenkjenne Guds ansikt hos hvert eneste menneske som lider.*

Amen



**Vi ber om fred  
i Ukraina**



# Min salme

Noe jeg liker når jeg er i kirken, er å synge med til kjente, kjære salmer, men kan og være greit å lære noen nye. Etter hvert som man blir eldre, er det noen av oss som har en tendens til å dvele ved fortiden. Jeg tilbrakte mye tid hos mine besteforeldre. De hadde en gammel harpeleik, den lærte min bestefar meg å spille "Den himmelske lovsang" på.

Det er en gammel salme, og ikke mye brukt, men er nydelig og gir meg gode minner. Tekst ; Elvine Heede, 1887, melodi ; J.R. Murray

Vennlig hilsen Gerd M. Solheim

## Den himmelske lovsang

**Den himmelske lovsang har, rikere toner mer liflig og sølvren en klang, enn all jordisk musikk, skjønt vårt hjerte seg fryder når skogen og dalen gjenlyder av sang.**

**Å herlige lovsang i Guds paradís, når himlens hærskarer istemmer hans pris.**

**Der oppe er sangen lik vannenes brusen, og himlen er full av dens lyd. De salige ånder sin Frelser lovpriser, de jubler av glede og synger av fryd.**

**Å herlige lovsang i Guds paradís, når himlens hærskarer istemmer hans pris.**

**Kun de kan den himmelske lovsang istemme, hvis sjel har fått nåde hos Gud Ved troen på Jesus sin Herre og Frelser, kun disse skal se ham, og kalles hans brud.**

**Å herlige lovsang i Guds paradís, når himlens hærskarer istemmer hans pris.**

## ÅRÅS BEDEHUS

Søndagsmøte 03. april kl 11:00,  
Ole Corneliussen talar.

Søndagsmøte 18. april kl 11:00,  
Asle Hetlebakke talar

Søndagsmøte 1. mai kl 11:00

Søndagsmøte 15. mai kl 11:00  
Reidun Skurtveit talar.

Velkommen til samlingane!  
[www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



VELKOMMEN TIL  
THK-KVELD PÅ ÅRÅS  
SKULE ONSDAG  
6. APRIL KL. 18.00.

Me samlar inn pengar til THK-stiftelsen. Det vert ikkje samla inn klede i forkant, men det vert seld lodd både før og under arrangementet.

Kakelotteri og lotteri med vinstar frå lokale verksemder. Det vert kafe, leikar, song og loddosal.

Helsing mellomtrinnet på



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

### FONNES FILIAL

Filialen vil vera open for publikum torsdagar

**14 - 16.30.**

Fonnes filial sine opningstider følger elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

Følg oss gjerne på facebook

## God bok



## LEGEVAKT/AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

# VELKOMMEN TIL MØTER I LERVÅG BEDEHUS

3. april kl. 1630 Sangmøte

Skjærtorsdag kl. 1100 Frelsesarmeen kjem

1. påskedag kl. 1100 Påskemøte

1. mai kl. 1100 Øystein Valde talar

15. mai kl. 1100 Geir Talberg talar

29. mai kl. 1100 Vitnemøte

12. juni kl. 1100 Hans Martin Skagestad talar



# Bygdetreff

No er det starta opp eit nytt og kjekt tilbod for alle i Austrheim. Den første onsdagen i månaden er alle inviterte til Bygdetreff på kyrkjelydshuset. Første samling var onsdag 09.mars. Det var rundt 30 som kom denne dagen. Med oss var òg Seniorkoret som framførte fleire fine songar med Asbjørg på trekkspilet. Vår gode prest Rune spelte saman med Asbjørg som opning av bygdetreffet. Svanhild med gode hjelparar hadde laga til og pynta fint. Torunn og Anne Karin fortalte historiar frå skuletida si på Austrheim. Dei starta på gamleskolen, og då dei begynte i 3.klasse vart nyeskolen bygd. Stor stas med toalett og dusj i gymgarderoben.

Ei god matøkt og prat med naboen vart det også. Jan og Asbjørg avslutta treffet med song og musikk av Johannes Kleppevik. Alle såg til å kosa seg.



## Meir opprydding på Austrheim gravplass:

I fjor haust hadde vi på plass eit arbeidsteam med trepleiarar frå Akasia som gjekk over trea vi har på kyrkjegarden på Austrheim. Nokre tre vart fjerna, og dei som står igjen fekk ei fagmessig trimming. Folk frå Akasia hjelpte oss også med ein planteplan for gravplassane på Austrheim og Leirvågen før vi fekk planta ut rekkene med gråasal tidleg på hausten i fjor. I samband med utarbeiding av planteplanen vart det påpeikt at den uryddige rekkja med buskfuru langs muren nederst på på gravplassen, burde fjernast. Å fjerna denne rekka var eit arbeid vi kunne utføra sjølv.

Vi var samde med folka frå Akasia om at buskfurua virka skjemmande. Den hadde etterkvart grodd opp og vakse seg høg, tett og var ikkje spesielt fin å sjå på.

Vi fekk nokre dagar utan ei samanhengande regn (eller snøbyge) i starten på februar, og fekk fjerna heile veggen med buskfuru. Samstundes måtte vi ha på plass ein fliskuttar som vi leigde inn til formålet. Etter at buskfurua vart fjerna og flist opp, vart det ein god del arbeid med å fjerna røtene og fylla igjen tomrommet etter desse. No er dette arbeidet ferdig og det er blitt riktig fint, synes vi. Heile det nederste arealet har no opna seg opp og vorte meir innbydande.

Vi har også fått fjerna ein del rododendronbuskar som stod litt her og der langs med hekken, som deler den gamle og den nye delen av gravplassen. Sidan desse buskene ikkje danna nokon symmetri, såg det rotete ut. No synest vi gravplassen har fått eit meir heilskapleg preg.

**Leif Arne Økland – kyrkjeverje**



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?  
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)



Bufetat



# Austrheim sokn

## Døypte

## Gravlagde

13.mars  
Ida Rosnes Utkilen

22. februar: Ada Bjørg Fønnes – bisett - f.1929  
9. mars: Helga Kaland f.1934 – (urnenedsetjing)



### Vår varmeste takk

for all omtanke, deltakelse og blomsterhilsener i forbindelse med vår kjære Ada Bjørg Fønnes sin bortgang.

Vi vil takke prest Rune Minde og Vatne begravellesbyrå for en fin seremoni. En stor takk til hjemmesykepleien i Austrheim kommune for god omsorg og pleie.

Vennlig hilsen familien

### Hjarteleg takk

ttil diakoninemda for helsing og gåva eg fekk på 80 års dagen min. Ein ekstra takk til Gerd som kom med gåva.

Helsing Norvald Rikstad.

### Hjarteleg takk

til diakoninemda for gåva eg fekk til 86 årsdagen min og til Solveig Bakke som kom på besøk.

Beste helsing Oskar Fønnes



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.



## RYDDING AV KRANSAR OG ANNAN PYNT

Kyrkjegardsarbeidar vil rydda unna kransar og annan pynt på begge gravplassane første veka i april. Om du ønskjer å ta vare på kransar eller annan pynt, må dette vera tatt hand om før dette tidspunktet.

## NEPTUN SENIORKLUBB

### Tur til Oslo

Dato: 24. – 26. mai 2022

Pris kr. 3 650,- per pers.

Tillegg enkeltrom kr. 350 per natt.

#### Inkludert i prisen:

Moderne turbuss fra Tide t/r

Hotellovernatting i delt dobbeltrom på [Scandic Victoria Oslo](#) (Karl Johan)

Frokost på hotellet

Påmelding til Håkon Sætre: 900 76 963.

Frist for påmelding: 20. april 2022

*Norsk Turs betalings- og avbestillingsregler tar utgangspunkt i "Alminnelige vilkår for pakkereiser" som er utarbeidet av Reisebransjeseksjonen i HSH og Forbrukerombudet. De Alminnelige Vilårene er utformet i henhold til Lov om Pakkereiser ("Pakkereiseloven") og Barne- og Familiedepartementets forskrifter til loven, og supplerer bestemmelsene i loven og forskriftene.*

#### DAG 1 24. mai MASTREVIK TORG – OSLO

Avgang fra Mastrevik Torg tirsdag 24. mai kl. 09:00. Vi kjører den vanlige ruten, hvor første stopp blir på Voss. Deretter går veien videre forbi Eidfjord. På Dyranut stopper vi for en enkel lunsj, ca. kl. 13:00. Etter en pause på ca. 30 min. kjører vi videre, og legger inn et stopp ved en større bensinstasjon etter ca. 2 timers kjøring. Ankomst Oslo mellom kl. 17-18:00. Innsjekk på Scandic Victoria Oslo, midt på Karl Johan. Oppholdet inkluderer frokost.



#### DAG 2 25. mai ROSESLOTTET

Avgang med bussen kl. 09:30, til Vebjørn Sands «Roseslottet» på Frognerseteren. Ved ankomst vil Vebjørn Sand ta oss imot. Inngangsbillett betaler hver enkelt selv. Vi beregner 2 timer opphold i Roseslottet. Etter omvisning spaserer vi til Frognerseteren serveringssted og får oss en matbit. Etter lunsj kjører vi med bussen videre og gjør et stopp i Holmenkollen. Her kan man besøke både Skimuséet og Holmenkollbakken. Deretter drar vi tilbake til hotellet, hvor man kan slappe av eller ta seg rundt i byen slik man selv ønsker. Spør etter et by-kart i resepsjonen på hotellet.



#### DAG 3 26. mai OSLO – MASTREVIK TORG

Først frokost, så avgang fra hotellet kl. 09:30. Vi tar en ny rute på returreisen. Vi tar et kort stopp i Fagernes. Videre over Filefjell – hvor vi også tar et kort stopp ved den for mange kjente St. Thomaskirken i Vang kommune. Deretter kjører vi videre mot Aurland, og stopper her for å kjøpe oss middag på Sognaporten. Etter en times tid drar vi videre. Beregnet ankomst Mastrevik torg ca. kl. 18:00.



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)




**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)





**FASTEAKSJONEN 3.-5. APRIL 2022**



**Tørke skapar akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar dag**

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Støtta frå deg reddar liv. Vipps til 2426.

fasteaksjonen.no

**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!**  
Når kvalitet og service teller



**MINI FRISØRSALONG**

ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

*Alla Kurinna og Rieko*



Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling  
Gunnar Nilsen 414 39 887




**Panasonic  
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no



**Gravminner**

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## INNSAMLING THK



Kyrkja i Austrheim opna fredag 5. og laurdag 6.mars for ei hjelpesending til Ukraina, ved kyrkjelydshuset i Austrheim. Initiativet kom frå Bodil Monslau, som i eit par tiår har vore sterkt involvert i hjelpearbeidet som THK stiftinga driv i Ukraina og andre austuropeiske land. Og hjelpe kjem fram! Frå kyrkja si side vil vi retta ei varm takk til folket i Austrheim, som har gitt raust og rundhanda til eit hardt prøvd folk.

### Her er Bodil sine egne ord om sitt engasjement for Ukraina:

Eg har vore i Ukraina med THK 4 gonger, første gong i 2004 og siste i 2016. Difor har eg også fått stor kjærleik til folket. Og i den situasjonen det ukrainske folket no er i kan vi ikkje bare sukke og sei "det er så fælt". Om vi ikkje kan hjelpe praktisk så kan vi dele av våre midlar. Alle organisasjonar treng pengar for å drive sitt arbeid.

Eg har besøkt barneheimar, heimar for utviklingshemma born, gamleheimen til Fader Gabriel, ein ortodoks prest som starta ein heim i eit heller lite hus. Der ligg dei så tett at dei kunne halde kvarandre i hendene. Har besøkt dei fattige familiane i dei

"forbodne" landsbyane nær Tsjernobyl. Eg har besøkt ei varmestove i Kyiv der ungdommane som bur nede i klokksystemet kan få vaske seg og få reine klær. Og eg spør meg: Kvar er dei no ?

Eg vart sitjande å sjå på nyheiter heile tida dei første dagane etter invasjonen. Men så tikka det inn ei melding på Facebook om at kyrkjene i Alver skulle ha innsamling. Då vakna også eg, ringde til kyrkjeverje Leif Arne og fekk løyve til å bruke kyrkjelydshuset. Så då vart det eit samarbeid mellom Austrheimkyrkja og meg på vegne av THK. Meldingar vart lagt ut på heimesida til Austrheimkyrkja, eg la det ut på mi eiga facebookside og eg fekk hjelp av Kjetil Tjore på sørvistorget til å få det spreidd på kommunen sine sider. Etter alt dette vart det delt av mange. Det såg vi resultat av på fredag og laurdag; det strøymde på med bilar. Nokon hadde 1-2 sekkar, andre hadde bilane fulle. Varme gode kle, dyner, puter, soveposar, pledd og mykje anna.

No veit eg at tre trailarar frå THK sitt system fredag den 4.mars kom fram til grensestasjonen mellom Slovakia og

Ukraina, der det vart lasta over i ukrainske bilar. Dette vert då køyrt til THK sine samarbeidspartnarar sitt lager i Korosteen. Der fordelear dei hjelpe vidare. Korosteen ligg nokre timars kjøring frå Tsjernobyl. Fleire norske transport-selskap har meldt seg for å kjøre så og seie gratis med hjelpesendingar.

Vi var ei gruppe frivillige som tok imot folk då dei kom med det dei ville gje bort. Nokon hadde lest at det ikkje var behov for meir klær for det bare hauga seg opp i Polen og at det dei trengde er pengar. Det er klart det vert eit problem og varer vil hope seg opp dersom ein ikkje har eit mottaksapparat. Vi forklarte korleis THK arbeider og at dei har drive med humanitær transport i over 20 år. Veldig mange betalte mykje meir enn kr. 50 pr. sekk i transportstøtte.



Ein tur med trailer frå Norge til Ukraina kostar i normale tider kr. 50.000 pr. tur. Det trengs pengar og det trengs kle. For pengane kjøper dei mat m.m, stort sett i Polen.

THK har også eit nært samarbeid med ein organisasjon frå Stavanger/Jæren området som kallar seg «KPK». Forklaringa på kva bokstavane står for er så fin at ein må le midt oppi det heile: Kristne Pensjonerte Konfirmanter, og det kan vi vel identifisere oss med nokon og einkvar.

Sjølv om ca 2 millionar ukrainarar på flukt har kome seg ut, er det framleis 38 millionar menneske tilbake. Dei treng vår hjelp. Gjer det lille du kan - litt hjelp er betre enn ingen hjelp.

### Bodil Monslau

